

Møtereferat

Dato: 13.06.2018

Emne:	Referat frå regionalt planforum 12.06.2018. Sak; planprogram for KPA Bømlo kommune	
Til stades:	<p>Deltakarar: Eva Katrine Ritland Taule, Hordaland fylkeskommune (HFK), planseksjonen Nina Gjester Hoel, HFK, planseksjonen Per Nordmark, HFK, planseksjonen Turid Susort Jansen, Kystverket Øystein Monsen, HFK, fylkeskonservatoren Tore Slinning, HFK, fylkeskonservatoren Egil Hauge, fylkesmannen, kommunal- og samfunnsplanavdelinga Sara Nordahl, fylkesmannen, kommunal- og samfunnsplanavdelinga Gudrun Skjævdal, fylkesmannen, fylkeslegen Birte M. Aasen, fylkesmannen, helse- og sosialavdelinga Sølve Sondbø, HFK, klima- og naturressursseksjonen Jomar Ragnhildstveit, klima- og naturressursseksjonen Grete K Jacobsen, HFK, næringsseksjonen Else-Marie Brobakke Aarø, HFK, næringsseksjonen - folkehelse Gunhild Raddum, HFK, samferdselsavdelinga Hanne Espe, HFK, kultur- og idrettsavdelinga Odd Tøsdal, Mattilsynet</p> <p>BØMLO KOMMUNE: Odd Harald Hovland (Ap) – ordførar Karsten Fylkesnes (KrF) – leiar, utval for areal og samferdsel Bente Hovland Bergtun (KrF) Aslaug Skimmeland (Høgre) Trygve Søvdal (FrP) Birger Rogne (Ap) Alf Helge Greaker (samfunnsplanleggjar) Njål Gunnar Slettebø (landbrukssjef) Elisabeth Gjerde (ingeniør, arealbruk) Toralf Meling (teknisk sjef)</p>	
Forfall:	NVE, Fiskeridirektoratet	Sak: 2014/13624-123
Møtetid:	12. juni 2018 kl 1300 - 1500	Møtestad: Hordaland fylkeskommune, møterom «Sunnhordland»

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule, fagleiar kommunal plan

Referent: Per Nordmark

Møteleiar Eva Katrine Ritland Taule ønskte velkommen, og viste til at dette var andre møte om planprogram for kommuneplanen. Etter fyrste møte i regionalt planforum hadde kommunen funne det tenleg å handsama planprogrammet for samfunnsdelen og arealdelen kvar for seg.

Alle deltakarane i møtet presenterte seg kort.

BØMLO KOMMUNE PRESENTERER

Odd Harald Hovland, ordførar Bømlo kommune introduserte. Kommunen hadde lytta til råd i førre møte i regionalt planforum, planprogrammet var delt og no var planprogrammet for samfunnsdelen vedteke. Hovland kommenterte at det var ei stor gruppe frå kommunen (10), det var fordi kommunen ønskjer at flest mogeleg skal få del i det som skjer i planforum. Kommunen ønskjer eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag.

Kommunen har ein visjon: «Bømlo 2049». Kommunen er, - og skal vera ein kystkommune. Her har folket levd ved og av havet i 1000-vis av år. For 10 000 år sidan starta grønstainsbrotet. I dag er Bømlo ei relativt stor fiskerikommune, men og maritime og marine næringar er store. Kommunen trur dette vert viktige næringar og i åra som kjem, og at denne kompetansen vert viktig.

Kommunen har eit framoverlent næringsliv. Døme er eit nytt farty som vert drive av naturgass, basert på brenselcelleteknologi. Næringslivet her har evne til å tilpassa seg! Kommunen har, og må ha kompetanse til å utvikla og bemanna næringslivet. Industriutvikling er viktig. Kommunen har 20% industrisysseletjing, noko som er uvanleg høgt. Viste til døme på akslingar og propellar som er høgteknologi. Er langt framme globalt på girsystem. Kommunen er stor i oppdrett. Kommunen trur på utvikling av produkt framover, og slik utvikling er viktig for kommunen i framtida.

Mange område er tilrettelagt langs kysten, og her finns kompetanse og relevant arbeidskraft. Rubbestadneset har hatt industri i 100 år. Her føregår det regulering i dag for vidare utvikling. Lokalisering og kompetanse trur kommunen er avgjerande.

Infrastruktur er viktig, kommunen har difor fått etablert Bømlopakka. Viktig i denne planen er senterutvikling, og det vert viktig å definera senterstrukturen. Kommunen er vidare opptatt av å utvikla kulturtilboda der ein og har gode anlegg: Kulturhuset i Svortland, Moster amfi, gode idrettsanlegg, - er særleg gode på fotballbaner.

Kommunen er opptatt av å sikre fleire område med høg kvalitet for ålmenta. Har fokus på område ved sjøen, og at det skal vera lett tilgjenge for alle.

Kommunen har gjort 3 mogelegheitsstudiar: Svortland sentrum - Mosterhamn – Langevåg. Kommunen har hatt svak folkevekst i mange år og trur denne veksten vil halda fram; ungdomen kjem tilbake når dei har fått born. Dei finn arbeid i kommunen eller nabokommunane - som det no er lett å nå.

Alf Helge Greaker, samfunnsplanleggjar, Bømlo kommune

Kommunen jobbar både med samfunnsdelen (er i rute; ferdigstilling høyringsutkast våren 2019 i samsvar med planprogram) og arealdelen. Kommunen har fokus på samanhengen mellom dei to delane.

I samfunnsdelen har ein definert 3 grunnleggjande prinsipp:

All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, natur, menneske og økonomi.

All planlegging skal gjerast med omsyn på folkehelse.

Der ein manglar kunnskap skal ein planleggje etter «føre-var» prinsippet.

Kommunen fekk i 2018 skjønsmidlar (og kan søkja for 2019) frå Fylkesmannen for arbeidet med «Samskaping i planlegging»; eit samarbeider med Stord kommune, der begge kommunane ser klare fordelar.

Kommunen er no i ein medverknadsfase for samfunnsdelen. Kommunen nyttar her ulike metodar og fora. Ei målsetjing er at folk i kommunen skal vera stolte av kystkulturen!

Kommunen har introdusert ein metode kalla «Ruslemaking». Her skal born og unge observerar, erfara og vurderer. Metoden er og planlagt brukt på andre grupper, t.d. eldre.

Kommunen har lagt hovudtema i samfunnsplanen som grunnlag for arealplanen.

Viktige spørsmål der ein ønskjer å finna svar i KPA-prosessen er:

- Kva er attraktivitet og attraktive lokal- nær- og regionsenter?
- Kva kvalitetar (krav, føresegner, retningslinjer) skal me ha for områda?
- Strandsoneforvaltning
- Klimaarbeidet; utslepp frå transport.
- Klimatilpassing.

Kommunen ligg no godt an i framdriftsplanen både for samfunnsdelen og for arealdelen.

Hovudbodskap: Bømlo ønskjer å vera ein kommune som har sitt særpreg! Ikkje som alle andre!
Borna må starta i fjæra!

INNSPEL- OG DIALOGDEL

Planprogrammet

Spørsmål til kommunen:

- Korleis vil kommunen handtere konsekvensutgreiingar? Kommunen vil følgja KU-forskrifta.
- Korleis vil kommunen sila innspel?

Siling bør gjerast i samsvar med den politikken kommunen ønskjer å føra.

Siling bør skje i to nivå: fyrst ei grovsiling, deretter ei meir detaljert siling.

Kommunen bør setja opp tydelege kriterier for siling. Erfaring frå tidlegare er at det har vore for lite siling, og at overordna instansar har «fjerna» element frå planen. Dette bør kommunen unngå.

Planprogrammet kan vera eit dokument som inneheld strategiar og silingskriterier.

Lindås kommune kan vera eit døme på korleis ein kan få til gode silingskriterier.

Planprogrammet bør omtala kunnskapsgrunnlaget ein vil bruka, både det ein har og det som må etablerast.

Planprogrammet bør omtala korleis konsekvensutgreiinga skal vera (KU).

Planprogrammet bør vera tydeleg! Det er ein fordel for alle.

Strandsona

Kommunen har sett som målsetjing at det ikkje skal etablerast nye fritidsbustader i strandsona. Dette kan vera ein arealstrategi, og kommunen kan sila på grunnlag av dette.

Kommunen vil bruka framlegget til interkommunal strandsoneplan i arbeidet med å utforma planprogrammet og KPA. Det vert og sterkt tilrådd at kommunen brukar regional kystsona-plan som grunnlag i arbeidet.

Denne planen er vedteken av fylkestinget, og skal brukast sjølv om den er til vurdering i KMD etter klage.

For vurdering og planlegging i strandsona er det viktig at kommunen legg til grunn pbl., og avklarar kva som er handlingsrommet. Strandsona har eit særstærkt vern i lova. Ta omsyn til strandsoneverdiene. Alt som utfordrar 100m beltet skal baserast på kunnskapsgrunnlag i forhold til dei verdiene som ligg i strandsoneverdiene. Der ein utfordrar strandsona må det vera KU-vurdert og kunnskapsbasert.

Å leggja til rette for ålmenta i strandsona nær senter vil vurderast positivt – allmenne interesser skal vurderast for tiltak i strandsona.

Det er og ei positiv haldning til å etablera småbåthamner, når det gjev tilgang for mange, når det er lokalitetar som høver og er KU-vurdert.

Det vert tilrådd at kommunen har dialog/møte med fylkesmannen for at dette temaet strandsone vert tydeleg avklart. Naust, byggegrense, fritidsbustader i strandsona har ikkje fungert i tidlegare plan/praksis.

Ein er negativ til tiltak der ein fyrst etablerer bustadområde – i område der det ikkje passar med hamn, og så etterpå ønskjer å etablere hamn. Då bør hamn ikkje byggjast.

Erfaring frå Bømlo: Krav om reguleringsplan for etablering av meir enn 4 naust/fritidshus har resultert i auka utbygging.

Landbruksareal

Det er eit nasjonalt mål å verna om landbruksareala. Etablering av eit arealrekneskap vil vera nyttig. Markering av kjerneområde for landbruk i arealkartet vil vera eit godt grep. Dette kan gjerast ved å markera omsynssoner, evt. avgrensingsliner i kartet.

Klimatilpassing

Størst klimarisiko er vurdert knytt til havnivåstigning, stormflo (truleg viktigast) og vind, der vind er det som er vanskelegast å ha kunnskapsgrunnlag/prognosar for. Risikoområde bør markerast som omsynssone. Dette må omtalast i planprogrammet og koma med i KPA.

Klimautslepp/klimapåverknad

Kommunen bør setja mål for klimautslepp. Døme: Bergen har som mål å vera fossilfri kommune i 2030. Regional klimaplan for Hordaland skal leggjast til grunn for kommunen si planlegging.

Stortinget har vedteke på nasjonalt nivå å redusera utslepp frå transport i 2030 med 50%. Dette må implementerast lokalt.

Nye moment i planlegginga kan vera å ha areal for oppstillingsplassar for lading av bussar.

Andre nye løysingar kan koma, t.d. «fossilfrie» båtar. Planen bør leggja til rette for nye mogelegheiter

Bømlo har den best sol-ressursen i Hordaland, - er den mest solrike kommunen i fylket. Det er døme på at kommunar har gitt fritak for søknad ved bygging av solcelleanlegg på hus, - når det ikkje er verneverdige bygg.

Vindkraft kan vera aktuelt. Kommunen bør vurdere om spørsmålet er aktuelt, og evt. vurdere om det er aktuelle areal.

Industrien i kommunen er kanskje best i verda på miljøteknologi på sine område. Kommunen bør ha som målsetjing å ta vare på desse miljøa.

Klimaseksjonen i fylkeskommunen kjem gjerne på besøk, for å gå gjennom data og kunnskap.

Areal og transport

Mykje heng saman. Under punkt 5 i notatet: «Hovudtema i ny kommuneplan»: Her kan kommunen rydda litt i tema.

Punkt: -Samordna bustad, areal og transport samla.

- Mobilitet. Samla mobilitet; gange, sykkel, kollektiv, bil osv. (mobilitetsanalyse; korleis vil ein at folk skal ta seg fram til viktige målpunkt)
- Trygg skuleveg.

Attraktivitetsfaktor: At det er lett å ta seg fram. Dette er særleg ønske for sentera, t.d etablering av snarveg og liknande. Må sjå dette og i samband med bustad.

Bustader bør lokaliserast der det er god tilgang til viktige samfunnsfunksjonar, som veg, transport og anna infrastruktur.

Busstilbod

Der er ein gjeldande kollektivstrategi frå Skyss. Denne bør leggjast til grunn. Tilrettelegging for ny bustadbygging, evt . anna bør gjerast ved dei kollektivaksar som eksisterer.

Bømlo kommune meldte tilbake at ein var lite nøgd med rutetilbodet og arbeidsmåten til Skyss. Mangel på korrespondanse vart særleg trekt fram. Kommunen etterlyste eit fellesmøte med Skyss. Samferdselsavdeling i HFK vil følgja opp dette.

Folkehelse

Bømlo kommune fekk ros for sitt arbeid med folkehelse, og at sentrale tema frå eit nasjonal prosjektet er tatt inn i KPA. I tillegg bør sosiale møteplassar få eit tydelegare fokus i planprogrammet. Kommunen må elles gjera ei helsekonsekvensvurdering for å sjå om ein treff på målsetjingar for folkehelse.

Folkehelsefremjande bustadpolitikk: Tenk på bustadsosial planlegging: Alle skal ha høve til å bu i Bømlo kommune, - og dei med dårleg råd.

Kommunen har lagt stor vekt på medverknad i planprosessen og fekk ros for dette. Bømlo kommune melder at sosiale møteplassar vert omtala i sær mange av innspela til kommuneplanen.

Det vert tilrådd at sosiale møteplassar vert eit eige punkt i planprogrammet.

Helse og omsorgsteneter

Desse tema er ikkje omtalt. Dei bør vera med.

Opplæring

Opplæring ikkje nemnt. Det bør omtalast.

Vassforsyning og avlaup

Kommunen har ein vatn- og avlaupsplan frå desember 2015. Denne planen er konkret og god, og den må gjerast juridisk bindande ved å innarbeidast i arealplankartet.

Kommunen har eit overordna ansvar for å tenkja på drikkevatt for både offentlege og private vassverk. Dette er eit tema som må ha fokus. Fagfeltet er i stor grad forskriftsstyrt og dette må synleggjerast i planen. Døme: Borehol skal ha ei risikovurdering. Vurdering skal gjerast i samsvar med forskrift.

Sløkkevatt er og viktig og må sikrast i samsvar med formelle krav.

Vurdering av eksisterande planar/ arealoversikter

Det er viktig at kommunen vurderer eksisterande planar. Det skal ein alltid gjera i kommuneplanprosessen. Planar bør vera i samsvar med reelle behov og gjeldande politikk, lover og forskrifter. Uaktuelle planar/arealbruk bør fjernast, og t.d. tilbakeførast til NLF.

Det vert tilrådd at kommunen lagar ei arealoversikt, t.d. utbygd og ubygd areal m.m. Dette bør vera eit kunnskapsgrunnlag i planarbeidet. Planprogrammet kan seia at eit slikt rekneskap skal lagast.

Senterstruktur

Kommunen ønskjer å definera ein senterstruktur. Det er viktig. Det bør visast til føresegner og retningsliner i Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Planprogrammet må ha med at det vert etablert ein senterstruktur, definert ei sentrumsutstrekning i sentera, og lagt føringar for handel. Grensene for sentrumsutstrekning vert styrande for etablering av handel.

Lokalisering av handel er viktig. Dette vert regulert av Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Større handelsetableringar skal vurderast av fylkeskommunen.

Føresegner og retningsliner for handel bør innarbeidast i KPA.

Mogeleghetsstudiar

Det vert tilrådd at det vert laga områdeplanar for sentera. Mogeleghetsstudiar kan vera nyttige verky i slike planprosessar. Vaksdal kommune kan vera eit døme. Vaksdal rullerer KPA og lagar deretter 2 områderuleringsplanar for sentera Vaksdal og Stanghelle (stasjonsbyar); ei planlegging i to fasar grunna K5 (ny E16 og jernbane).

Funksjonsblanding i sentrum må vera ei målsetjing. Det må klargjerast kva funksjonsblanda fortetting betyr. Stikkord: Tettstadkvalitet - kystbytenking - det som gjer ein stad attraktiv - må innehalda kvalitetar.

Kulturminne

Det blir anbefalt å leggje inn eit eige tydeleg punkt i planprogrammet som omhandlar kulturminne, som ikkje er blanda saman med kultur og idrett. Slik vil ein ha ein klar «knagg» å hengje informasjon og problemstillingar knytt til kulturminneinteresser som kjem fram i arbeidet med konsekvensutgreiinga.

I kommunen er det gjort ei god kartlegging av kulturminne, så det finns mykje data i ulike databasar. Mellom anna har kommunen fotografert alle SEFRAK-registrerte bygg. Men dette er ikkje samla i ein kulturminneplan. Planstrategien har med at det skal lagast ein kulturminneplan, men den har ikkje kommunen hatt ressursar til å laga.

Det vart peika på at ein kulturminneplan gir innbyggjarane høve til deltaking, og sjølv kunne framheve dei kulturminna ein meiner er viktige for eige lokalsamfunn. Slik blir informasjonen i kulturminneplanen eit lokalt forankra verky for kommunen si arealplanlegging. Den vil også vere eit godt supplement til den komande utgreiinga og kartlegginga av kulturminneinteressene på Bømlo i samband med konsekvensutgreiinga til kommuneplanen.

I KU må det vera med eit punkt om kulturminne.

Friluftsliv

Bømlo kommune vert oppmoda til å ha ein systematisk omtale av friluftsliv, og omtala politikken på dette feltet. Viktig på dette feltet er stiar, trygge sykkelstiar, snarvegar.

«Ruslemaking» vart vurdert som eit godt og innovativt grep.

Kommunen har uttrykt at ein ønskjer å få til fleire småbåthamner. Fellesanlegg vil verta vurdert positivt. Kommunen vart utfordra på å få til padleruter! Dette er ein positiv aktivitet i stor vekst, og Bømlo har særst gode vilkår.

Sentrumsnært friluftsliv er eit nasjonalt fokus. Mellom anna er det viktig med skilting, - og skilting heilt frå sentrum.

Kommunen har hatt, - og må framleis ha fokus på å sikra ubygde holmar og øyar. Dette har vore ein strategi som er praktisert i 4 – 5 kommuneplaner, og er handheva.

Det er viktig at allmenn tilkomst og tilgjenge til sjønære friluftsområde og andre viktige område for friluftsliv vert sikra med t.d. noko tilrettelagt parkering og med korridorar for ferdslø ut til områda.

Massedeponi/råstoffutvinning

Nasjonale forventningar legg vekt på at ein må sikra tilgang til mineralressursar og dekkja behovet for byggeråstoff i dag og for framtida. Område for råstoffutvinning skal difor innarbeidast i kommuneplanar. Mineralressursar for framtidig utvinning bør markerast som omsynssone.

Område for uttak av skjelsand er og viktig å ha med i KPA., sjå fylkeskommunen si fråsegn til planprogram for ny kommuneplan, datert 08.02.2018. Kommunen bør i samråd med fylkeskommunen som konsesjonsmyndigheit for uttak av skjelsand gå gjennom dei areal som er registrert for uttak av skjelsand, og evt. justera areala.

Direktoratet for mineralforvaltning møtte ikkje i dette møtet, men hadde sendt skriftleg innspel til regionalt planforum. Dokumentet vart overlevert Bømlo kommune.

Fylkesveggar.

Ingen merknader

Akvakultur

Oppdrettsnæringa er viktig og må få rom til å driva. Men det må vera på ein berekraftig måte. Kommunen kan definera utgangstillinga, og kva veg ein vil gå.

Kommunen må bruka plan- og bygningslova (pbl). KU er sentralt i denne samanheng. Eit alternativ er at kommunen gjera ein overordna KU, og deretter la enkeltaktørar ta den detaljert KU for dei aktuelle areal.

Bømlo er viktig når det gjeld hamner, ankring, oppdrettslokalitetar.

Bømlo har veldig mange oppdrettslokalitetar. Det er viktig at desse ikkje kjem ut i kvit sektor. I dag er det mykje dispensasjonssaker i høve til Kystverket. God planlegging er difor viktig.

Det er ei trend no med auka interesse for produksjon av tang og tare (50% av dette skjer i Hordaland). Dessutan kjem det produksjon av nye arter. Sekkedyr som fôr, basert på avfall/ekskrement er eit døme. Slike endringar er det viktig å vera merksam på.

Ved arealavgrensingar for akvakulturareal bør ein ikkje vera «for knipen» då andre artar enn laksefisk kan verta aktuelt.

Fylkesmannen ser det om naturleg og bra at kommunen vil satse vidare på sine næringsmessige føremoner knytt til kyst og hav, men har òg i andre kommuneplanprosessar sakna at ein tydeleggjer dei statleg rammene og måla som må gjelde og danne utgangspunkt for all planlegging i sjø. Mellom anna er naturmangfaldet i fjordane sin rettstilstand (slik den er ivareteken i t.d. naturmangfaldlova, havressurslova,

lakse- og innlandsfisklova samt forureiningslova) ein viktig føresetnad som òg må opplysast om og handterast i planprogrammet, for å kunne vise potensiale for- og verknadane av ny marin og maritim næring i gjennom planen. Kunnskapsgrunnlaget og -kjeldene som ligg i regional kystsoneplan er ei god hjelp i arbeidet og bør nyttast. Det bør vurderast om det er trong for eit utvida samarbeid mellom aktuelle etatar om korleis planprogrammet skal utformast innanfor dette temaet.

Mattilsynet fører tilsyn med dyrehelsa, og ønsker å koma inn i tidlig fase, og å delta i prosessar. Kommunen legg opp til tett dialog med næringa, men bør og leggja opp til tett dialog med sektorstyresmaktene: Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

AVSLUTNING

Møteleiar Eva Katrine Ritland Taule avslutta møtet.

Taule informerte om Plankonferansen 2018 som er 23. og 24. okt. med tema Kystsona i høg grad aktuelt for Bømlo kommune, både for politikarar og administrasjon.

Bømlo kommune fekk og tilbod om samarbeid med fylkeskommunen og dei øvrige etatane i arbeidet med kommuneplanen.

Ordførar Odd Harald Hovland avslutta med at kommunen ventar mange innspel til planen, kanskje 1000, og at han ser verdien av silingskriterier.

Hovland takka og for mange god innspel.